



KOPI

Tore Johan Erstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3040 - 15/16998

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

15.09.2015

Planavgrensing og varsling

I samband med endring av planforslag for Øvre Holsbergstien, så har me på planavdelinga og byggjesaksavdelinga drøfta plangrense på nytt. Det gjeld utviding av plangrensa mot nordvest.

Kommunen har parallellt med nytt skisseutkast for Øvre Holsbergstien, samstundes motteke søknad om dispensasjon for eigedom 10/45, og her er allereie gjeve eit byggjeløyve for tilkomstvegen til denne eigdommen.

Me vart einige om at me lyt sjå på desse sakene samla, og at plangrensa for Øvre Holsbergstien bør endrast til å omfatte delar av Holmemarka aust. Delområde B8 i Holmemarka aust burde t.d. ha vore korrigert i samsvar med eksisterande tomtegrenser, jf. nyleg behandla delingssak.

Utvikling av eigedom 10/45, grøntområde vest for denne, samt tilkomst og parkering P2, bør inngå i planavgrensinga no når Øvre Holsbergstien skal endrast. Dette for å få ein heilskapleg plan, og for å rydde opp i formålsgrensene slik at dei stemmer med eigedomsgrensene.

Dette treng ikkje medføre særleg ekstraarbeid, fordi store delar av planlegginga i desse nye områda er allereie godt i gang.

Dispensasjonssøknad for eigdom 10/45 er nabovarsla utan at her er kome nabomerknader, og me finn difor at denne varslinga kan representere avgrensa varsling for denne plautvidinga.

Me finn såleis at ein ikkje treng gjere noko ekstra varsling no, men at B8, eigdom 10/45 med grøntareal i vest, samt tilkomst og parkeringsareal P2 lyt innlemmast i detaljregulering for Øvre Holsbergstien.

Ta kontakt ved spørsmål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anny Bastesen
Tore Johan Erstad

KOPPI

Mottakere:
Abo Plan & Arkitektur AS

KOPPI